



Protokoll frå styremøte i NGIR

Tid: 22.01.2018, kl 14.30 – 17.30

Stad: Kjevikdalen

Frå styret møtte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Ragnhild Tykhelle Langøy, Martin Soltveit, Kristin Handeland, Kariann Ekren (1. vara).

Frå styret møtte ikkje:

-

Frå representantskapetmøtte ikkje:

Liv-Anne Aanesen (repr.sk.leiar)

Frå administrasjonen møtte:

Bjørn Berg	(dagleg leiar, ref.)
Erlend Kleiveland	(økonomisjef)
Hilde Lysø	(seniorrådgjevar)

Sakliste:

- Sak 01/18 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 02/18 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 03/18 Diverse munnleg orientering
 - a) Orientering nedgravne løysingar
 - b) Orientering mellombelse gjenvinningsstasjonar
 - c) Orientering kommunesamanslåing
- Sak 04/18 Innsamling av avfall – på anbod eller i eigenregi

Sak 01/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 02/18 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokoll frå styremøte 11.12.17 vart godkjent og signert.

Sak 03/17 Meldingar

Diverse munnleg orientering

a) Nedgravne løysingar

NGIR har den siste tida jobbe med å få etablert nedgravne avfallsløysingar, som fellesløysing for burettslag og sameige i sentrale strok. Dette som ei erstatning for løysingar me har i dag, med store stålkonteinarar (overflatebeholdarar).

NGIR har fått laga ei renovasjonsteknisk norm som skal regulera forholda kring etablering og drift av ei slik ordning. Dette er gjort i samarbeid med andre renovasjonsselskap på Vestlandet. Det er og utarbeidd forslag til eigarskapsavtale mellom utbyggjarar/brukarar og NGIR. Anbudsprosess er gjennomført, og det ligg føre ein rammeavtale på kjøp av utstyr.

Fordelane med nedgravne løysingar er at dei er meir estetisk riktige, anlegga har lengre levetid enn overflatebeholdarar og det er lågare vedlikehaldskostnader på anlegga. Ulempene med ordninga er at investeringskostnadane er høgare enn ved overflatebeholdarar, noko som set større krav til finansieringsmodell.

Det oppstår nokre prinsipielle utfordringar i samband med finansiering av modellen, og med eksisterande renovasjonsføresegner. Mange selskap vel å la utbyggjarar ta kostnadane ved utbygging av ei slik ordning, og så la brukarane få rabatt på renovasjonsgebyret. NGIR har i dag ikkje denne moglegheita, då alle betalar likt på fellesløysingar. Dette gjer at NGIR manglar incitament overfor utbyggjar/sameige/burettslag for å velja ei nedgrave løysing.

For NGIR er det ønskeleg med flest mogleg nedgrave anlegg for å gjera drifta og innsamlinga mest mogleg rasjonell. NGIR bør sjå på verkemiddel for å gjera nedgravne løysingar meir attraktiv med omsyn til økonomien i slike prosjekt. Renovasjonsføresegnene må reviderast for å ta omsyn til dette.

b) Mellombelse gjenvinningsstasjonar

NGIR har sidan selskapet starta utført «Vår- og haustrydding» (V&H) i kommunane. Dette går føre seg ved at det på førehandsannonserte datoar vår og haust (2 gonger per år) vert køyrt bilar som samlar opp *grovavfall* som abonnentane i dei aktuelle kommunane har sett ut på bosstoppa. Etter kvart som NGIR har bygd ut gjenvinningsstasjonar er no V&H avgrensa til kommunane Solund, Masfjorden og Gulen.

Vår- og haustrydding i desse kommunane er veletablerte ordningar som innbyggjarane set pris på. Det er likevel grunnar for å vurdere om ei anna løysing skal innførast: Avfall vert no plassert usortert i vegkantane, og det er krevjande å samla inn avfall på denne måten. NGIR vil ta kontakt med Solund, Gulen og Masfjorden omgåande for å freista å finna egna lokalitetar for mellombelse gjenvinningsstasjonar. Me vil då oppnå betre sortering, tryggare mottak og ein meir kostnadseffektiv innsamlingsordning..

c) Kommunesamanslåing Alver kommune og vedtektsendringar NGIR

Helge Fjellanger orienterte: Han har vore i kontakt med ordførar i Lindås. NGIR sine vedtekter er nok ikkje i fremste rekkje i diskusjonane i samband med den føreståande kommunesamanslåinga. Det er viktig at fellesnemnda for Alver kommune, samt alle ordførarar i NGIR sine eigarkommunar vert oppfordra til å arbeida for å avklara eigarskap og representasjon i NGIR. Det er og viktig å repetera denne budskapen i NGIR sitt representantskap, og å presisera at NGIR sine vedtekter må verta oppdaterte *før* Alver kommune er ein realitet.

Sak 04/18 Innsamling av avfall – på anbod eller i eigenregi

I saksutgreiinga til styremøtet hadde administrasjonen m.a. laga ein presentasjon der dagens organisering av drifta for NGIR sine ulike tenesteområde var illustrert. I tillegg var fordelar og ulemper med både anbod og drift i eigenregi for innsamling av avfall med komprimatorbil sett opp i tabellform. Materiellet vart gjennomgått og grundig diskutert i styremøtet.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret tilrår at representantskapet godkjenner at NGIR legg om drifta slik at innsamling av komprimert avfall frå hushald, hytter og næring vert gjort i eigenregi.

Ottar Skjelvik la fram følgjande alternative framlegg til vedtak:

NGIR har ei rekkje område der det er valt anten anbod eller eigenregi, og i somme er driftsforma delt. Somme av desse områda har fått endra driftsform undervegs – i tråd med slik adm. og styret har funne det føremålstenleg til beste for abonnentane. At Representantskapet skal gjere vedtak vedkomande eitt av mange driftsområde, finn styret både prinsipielt feil og lite hensiktsmessig.

Styret i NGIR meiner at val av driftsform for ulike delar av selskapets verksemd, ligg til styret og administrasjonen, og er ikkje saker for Representantskapet.

Styret i NGIR meiner at det framleis er tungtvegande argument FOR anbod når det gjeld innhenting av avfall med komprimatorbil. Det vil dessutan i praksis vere ei irreversibel avgjerd i svært lang tid dersom ein skulle velgje å operere denne drifta i eigenregi, med m.a. fleire tilsette, store investeringsbehov og meir administrasjon.

Styret i NGIR ønskjer at anbod på innhenting av avfall skal førebuast vidare, men at ein ikkje treng å utlyse før tidlegast etter sommaren 2018. Dermed kan ein få noko meir røynsle på drift i eigenregi, og ein kan også undersøkje kva prisar andre selskap oppnår. Styret vil ta endeleg avgjerd i saka i løpet av 2. halvår 2018.

Røysting:

Kristin Handeland bad om at det vart gjennomført ei subsidær røysting, og det vart samrøystes godkjent.

Framlegget til dagleg leiar vart først teke opp til røysting:

Dagleg leiar sitt framlegg fekk 2 røyster (Kristin Handeland og Martin Soltveit) og fall. Ottar Skjelvik, Helge Fjellanger og Ragnhild Tykhelle Langøy røysta mot framlegget.

Framlegget til Ottar Skjelvik vart deretter teke opp til røysting:

Framlegget til Ottar Skjelvik fekk 4 røyster (Ottar Skjelvik, Helge Fjellanger, Kristin Handeland og Ragnhild Tykhelle Langøy) og vart vedteke. Martin Soltveit røysta mot framlegget.

Styret sitt vedtak:

NGIR har ei rekkje område der det er valt anten anbod eller eigenregi, og i somme er driftsforma delt. Somme av desse områda har fått endra driftsform undervegs – i tråd med slik adm. og styret har funne det føremålstenleg til beste for abonnentane. At Representantskapet skal gjere vedtak vedkomande eitt av mange driftsområde, finn styret både prinsipielt feil og lite hensiktsmessig.

Styret i NGIR meiner at val av driftsform for ulike delar av selskapets verksemd, ligg til styret og administrasjonen, og er ikkje saker for Representantskapet.

Styret i NGIR meiner at det framleis er tungtvegande argument FOR anbod når det gjeld innhenting av avfall med komprimatorbil. Det vil dessutan i praksis vere ei irreversibel avgjerd i svært lang tid dersom ein skulle velje å operere denne drifta i eigenregi, med m.a. fleire tilsette, store investeringsbehov og meir administrasjon.

Styret i NGIR ønskjer at anbod på innhenting av avfall skal førebuast vidare, men at ein ikkje treng å utlyse før tidlegast etter sommaren 2018. Dermed kan ein få noko meir røynsle på drift i eigenregi, og ein kan også undersøkje kva prisar andre selskap oppnår. Styret vil ta endeleg avgjerd i saka i løpet av 2. halvår 2018.

Kjevikdalen, 22.01.2018

Helge Fjellanger
-styreleiar-

Ottar Skjelvik
-styremedlem-

Kristin Handeland
-styremedlem-

Ragnhild Tykhelle Langøy
-styremedlem-

Martin Soltveit
-styremedlem-